

Rab
 Dunjakker i
 stort utval
STAURSET
HERRE DAME UNGDOM SPORT
 100 år 1912 – 2012
 Ørsta – Volda

kr 20,-

Møre-Mytt

Laurdag 27. oktober 2012

Nr 124 – 78. årgang

Montering av vedovnar

Vi monterer din nye ildstad til avtalt pris

450 STD
 Før 16.900,-
 NO **12.900,-**

MALIA
Gode råd - gode kjøp!
Tlf. 70 33 06 50

Spreke vartdalingar



Spreke åttandeklassingar.

Ved Vartdal ungdomsskule får dei 16 åttandeklassingane bryne seg på to rykande ferske valfag. Både mat og friluftsliv står på timeplanen. **(Side 9)**

Slutt for Ulvestad skule


Saman med Ulsteinvik og Hareid sentrum:

Ørsta/Volda har veksten

Sentrumsområda i Ørsta og Volda og Ulsteinvik og Hareid har vorte vinnarane etter at Eiksundsambandet har opna. Det er der folketalsveksten sidan 2008 år kome. Professor Jørgen Amdam presenterte tala på ei Rotary-samling på Grodås torsdag.

(Side 14 og 15)

Professor Jørgen Amdam har tal som syner at sentrumsområde i Ørsta og Volda og Ulsteinvik og Hareid har fått folketalsveksten etter at Eiksundsambandet opna.



– Kan få eitt felles sjukehus i Ålesund

– Viss ikkje Nordmøre og Romsdal snarast greier å verte samde om sjukehusløyising, vil det nye felles sjukehuset for Nordmøre og Romsdal verte bygt i Ålesund!

Professor Jørgen Amdam kom med denne spådommen på fellesmøtet for Rotary-klubbane på Søre Sunnmøre og i Nordfjord på Grodås torsdag.

Amdam viser til at det er eit stort politisk påtrykk for å få til ein ferjefri E39.

– Det er ikkje unaturleg å sjå føre seg at Møreaksen vert prioritert fyrst. Det vil seie ferjefritt samband mellom Nordre Sunnmøre og Romsdal/Molde. Viss dette sambandet kjem så raskt som ein ynskjer, vil det påverke sjukehusstrukturen, sa Amdam.

Han peika på erfaringane med Eiksundsambandet og andre store prosjekt som knyter regionar og kommunar saman.

– Med desse store samferdselsprosjekta får vi ein heilt annan regional struktur. Område som har vore skilde av fjordar og fjell vert knytte saman. Det vert eit heilt anna hopehav. Dagens kommunegrensar er streka opp frå den tida det var sjøen som var den viktigaste

sambandsvegen. Dei nye vegsambanda tvingar oss til å sjå annleis på kommune- og regionstrukturane, sa Amdam.

Og det er i den samanhengen han kjem med ei kraftig åtvaring til Nordmøre og Romsdal.

– Kranglar dei lenge nok om sjukehusløyising, vert det ikkje noko nytt sjukehus i det heile. Når Møreaksen kjem, vil det nye sjukehuset då kome i Ålesund, og Kristiansund og Molde får nokre avanserte poliklinikkar. Det same kan skje med Volda, spådde Amdam.

Han meiner dessutan at det berre er eit tidsspørsmål før ein på nasjonalt nivå må sjå på kommunegrensene.

– Dei er ikkje tilpassa den store satsinga på vegutbyggingar, sa Amdam.

Professor Amdam deler no Vestlandet frå Bergen og Nord-Vestlandet inn i fem bu- og arbeidsmarknadsregionar. Det er Nordmøre og Romsdal, Nordre Sunnmøre og Ålesund, Søre Sunnmøre og Nordfjord nord om sjøve Nordfjorden, Sunnfjord og Sogn til Sognefjorden, og Bergens-regionen sør for Sognefjorden. Med kravet om ferjefri E39 vil denne regioninndelinga berre vere mellombels.

Prosjektlear Oddbjørn Pladsen:

– Ikkje full Kvivsveg-effekt før oktober 2013



Prosjektlear Oddbjørn Pladsen ventar eit byks i Kvivsvegtrafikken i oktober 2013.

Korleis effekten av Kvivsvegen vert, vil ein ikkje få svar på før etter oktober 2013, seier prosjektlear Oddbjørn Pladsen.

På Rotary-møtet på Grodås var Pladsen invitert for å fortelje om bygginga av Kvivsvegen, og effektane av han.

Pladsen kunne vise fram tal for trafikken så langt. Han fortel om ein veldig trafikk dei første dagane, men at det der etter har stabilisert seg på ein døgertrafikk på mellom 1.400 og 1.600 bilar.

– Det har enno ikkje vore nokon dag der trafikken har vore under tusen bilar, og så ser vi toppar i trafikken i helgane, fortalde Pladsen.

Dette er utypisk samanlikna med Eiksundsambandet, der veketrafikken er større enn i helgane. Årsaka kan vere at det enno er mykje «nyfiknetrafikk», men

det kan også vere eit resultat av fritidsmarknaden med hytter osb.

Trafikktala ligg dermed på prognosane, men med tanke på at det framleis er anleggsarbeid i Austefjorden, og at Kvivsvegen faktisk ikkje er skilta frå Volda og retnings sørover, er det venta eit byks i trafikken etter oktober 2013.

– Då er Hjartåberg tunnelen opna, og skilta i Volda er på plass. Dessutan vil også utbetringa mellom Innvik og Utvik hjelpe på, fortalde Pladsen.

Pladsen har tidlegare opplyst at Kvivsvegen vert rimeligare enn budsjettet.

– Vi reknar no på dei siste kontraktane. Arbeidet er ikkje ferdig, men det vert garantert under kostnadsoverslaget på 1,045 milliardar 2008-kroner. Det er godt gjort samanlikna med andre store utbyggingsprosjekt, sa Pladsen.

Hareid/Ulstein



Professor Jørgen Amdam registrerer vekst på Søre Sunnmøre eter at Eiksundsambandet opna.

Pladsen vart heidra


Oddbjørn Pladsen er utnemnd til Paul Harris Fellow, som er høgste æresutnemninga i Rotary. Det skjedde under fellesmøtet Rotary-laga på Søre Sunnmøre og i Nordfjord heldt på Grodås torsdag.

Paul Harris var grunnleggjaren av Rotary. Det vart seinare vedteke å opprette ein ærespris i hans namn.

– Det er den største heideren ein enkeltstående klubb kan gje, og vi får dele ut prisen etter søknad til Rotary International, seier Thor Arne Sørheim i Ørsta Rotary.

Det var Volda Rotary som tok initiativet til å heidre Pladsen, og bakgrunnen er både at Pladsen har stått bak gjennomføringa av viktige samferdselsprosjekt, og at han som person sjølv har markert og flagga prosjekta med å stille opp på møte og samkome i lokalsamfunna på Søre Sunnmøre og i Nordfjord.

n og Ørsta/Volda folketalsvinnarar



Folketalsvinnarane etter at Eiksundsambandet opna, er aksene Ulsteinvik/Hareid og aksene Ørsta/Volda.

Det seier professor Jørgen Amdam som har gått meir nøye inn i tala etter at Eiksundsambandet opna.

– Aksene Ulsteinvik/Hareid sentrum har auka med 650 personar, medan aksene Ørsta/Volda sentrum har auka med 550 personar. Andre senter på Søre Sunnmøre, som Fosnavåg, har ikkje hatt same veksten. Områda som har tapt, er spreiddbygde strom i indre delen, som Dalsfjorden, Austefjorden og Hjørundfjorden, medan dei spreiddbygde stroka i ytre har hatt vekst. Det siste kjem av innvandringa frå utlandet. Polakkar og andre tek over husa som nordmenn ikkje vil ha, seier Amdam.

Rotary-møte

På Rotary-konferansen på Grodås torsdag, peika Amdam på store endringar etter at Eiksundsambandet opna. Han slo fast Eiksundsambandet har gjeve Søre Sunnmøre større vekstkraft, og ventar at Kvivsvegen vil gje mykje av dei same effektane.

– Eg trur likevel ikkje det vil vere så eksplosivt som effektane av Eiksundsambandet, fordi det då handla om øyar som vart landfaste, sa Amdam.

Professoren viste til flyttetal, og slo fast at etter at Eiksundsambandet opna, har utflyttinga av unge vore like stor som tidlegare.

– Endringa er at tilbakeflyttinga av ferdig utdanna personar har auka. Dei ser no større mulegheiter med å få arbeid for begge, sa Amdam.

«Bruktmarknaden»

Dessutan peika han på ein kuriositet som faktisk også påverkar folketallet.

– Med Eiksundsambandet, og no Kvivsvegen, har vi fått ein mykje større «bruktmarknad». Det vil seie at der skilsmål tidlegare førte til at den eine gjerne flytta frå området for å finne seg ein ny partner

ein annan stad, har ein no mykje større sjanse til å finne ein ny partner i regionen. Det er noko vi ikkje tenkjer så mykje på, men som faktisk er viktig for folketallet, sa Amdam.

Innvandring

Ser ein kommunevis, har Ulstein hatt den desidert største veksten, og svært mykje av veksten er innvandring frå utlandet.

– Det er ei stor utfordring å integrere og halde på innvandarane som kjem til regionen. Greier vi ikkje det, og dei flyttar tilbake kanskje fordi lønsvået heime byrjar å nærme seg det norske, vil næringslivet få store utfordringar med å skaffe arbeidskraft, sa Amdam.

Han meiner også bustadmarknaden er ei utfordring.

Flaskehals

– No er bustadmarknaden ein flaskehals, og har medført at prisane har stige til vers, sa Amdam.

Når folk fyrst har etablert seg i regionen, trur Amdam at dei vil verte verande.

– Med den nye regionen på 60.000 innbyggjarar har mulegheitene for karriere også auka monaleg, og det innafor pendlaravstand, sa Amdam.

Distriktpolitikk

Han konkluderer med at vegutbygging viktig.

– Det er det beste distriktpolitiske verkemiddelet vi har. Det ser vi med Eiksundsambandet, og det ser vi med Kvivsvegen.

Prognosane for Eiksundsambandet var ein auke på tretti prosent i trafikken mellom ytre og indre Søre Sunnmøre med det same sambandet opna, og der etter ein prosent årleg vekst.

– Faktum er at veksten vart 95 prosent med det same, og der etter opp mot ti prosent årleg. Det har m.a. ført til at sambandet vert nedbetalt før åtteårsdagen for opninga. Planen var at det skulle verte nedbetalt på sytten år.

På Grodås: Rune Sæbønes

– Lokalpolitikarar er bremseklossar

– Innbyggjarane i den nye storregionen handlar raskt, og tek raskt i bruk mulegheitene nye kommunikasjonar gjev. Men lokalpolitikarane er bremseklossar.

Det hevdar professor Jørgen Amdam. Torsdag var han samla på det store fellesmøtet for Rotary-klubbane på Søre Sunnmøre og i Nordfjord på Grodås. Amdam har stor tru på gevinsten av dei nye vegsambanda Kvivsvegen og Eiksundsambandet.

Likevel åtvare Amdam mot at politikarane i dei ymse kommunane i regionen ligg etter samfunnsutviklinga.

– Dei kan liggje så mykje som femti år etter. Dei må byrje å sjå heilt annleis på mulegheitene, og sjå at innbyggjarane i den nye regionen har felles interesser, sa Amdam.


Han peika særleg på erfaringane i kommunane rundt

Eiksundsambandet. Der er det prøvd samarbeid på fleire kommunale område etter at Eiksundsambandet opna, men ofte har dette stranda grunna lokaliseringsspørsmål og andre årsaker. Han meiner også næringslivet ymse stader ikkje tek innover seg at det har kome nye vegsamband.

– Vi har no fått ein region med 60.000 innbyggjarar. Før Eiksundsambandet var til dømes Ørsta/Volda ein region på 18.000 innbyggjarar, no er det med eitt 60.000 innafor ein akseptabel pendlaravstand. Det er ein revolusjon. Det er berre synd at deler av næringslivet ikkje har oppdaga det, sa Amdam.

Han trur likevel at endringane vil kome.

– For innbyggjarane røyser med føtene. Widerøe såg det, og sette opp ekstra fly som medførte ein formidabel vekst for Ørsta–Volda lufthamn. Busselskapa har ikkje sett det, sa Amdam.



Professor Jørgen Amdam og prosjektleiar Oddbjørn Pladsen var gjester på Rotary-samlinga på Grodås torsdag.